

i Informasjon om eksamen



Høgskolen i Østfold

EKSAMEN

Emnekode og -navn:

LNOR10211 Grammatikk, tekstteori og skriveopplæring

Dato og tid: 7. desember 2017, 8 timer

Hjelpemiddel:

Læreplanverket for Kunnskapsløftet
Ordbok/ordliste

Faglærarar:

Inger Martine Mosfjeld
Benthe Kolberg Jansson
Maja Michelsen

Om eksamensoppgåva og poengberekning:

Dei grammatiske analysane og eventuelle fonologiske transkripsjonar kan vere handskrivne.

Sensurfrist: 5. januar 2018

Karakterane er tilgjengelege for studentar på Studentweb.

1 Del 1: Oppgåver og svar

Del 1: Grammatikk (du kan svare på papir)

Kandidaten skal svare på alle tre oppgåvene.

1. Syntaks

Gi ein syntaktisk analyse av setningane nedanfor. Skriv deretter ei kort tekst til kvar av setningane der du gjer greie for korleis du har resonert.

- a. På tysdag pyntar vi juletreet
- b. Dei fargerike juletrelysa er kjempefine
- c. Når snøen og englane dalar, snakkar vi julestemning

2. Morfologi

Vis med hjelp av tredigram den morfologiske oppbygginga av ordformene nedanfor. Forklar deretter analysane.

- a. Kjøkkenskapa
- b. Dumskapen
- c. Juletrelysa

3. Fonologi

Forklar korleis vi klassifiserer konsonantar i norsk og korleis konsonantar skil seg frå vokalar.

Del 2: Skriveteori, skriveopplæring og elevtekster (du skal svare digitalt)

Kandidaten skal svare på heile oppgåva. Oppgåva er todelt: 1) analyse og vurdering av ei elevtekst 2) eit emne som det skal greiast kort ut om. Svaret skal skrivast som ein samanhengande artikkel, og det skal vere forankra i pensumlitteraturen og i LK06.

Oppgåve:

Analys og vurder elevteksta «Det er gøy å skrive tekster» (sjå vedlegg 1 for originaltekst og transkripsjon). Til hjelp i analysen må du gjerne nytte Skrivehjulet (sjå vedlegg 2) og/eller dei ulike vurderingsområda i Normprosjektet (sjå vedlegg 3). Du skal ikkje gi karakter, men du skal skrive kva du ville lagt vekt på i ei tilbakemelding til eleven. Til slutt skal du greie kort ut om kva som kjenneteiknar god respons på elevtekster.

Kontekst for elevteksta:

Teksta «Det er gøy å skrive tekster» er skriven av ei jente på 10. trinn som har bokmål som hovudmål. Norsk læraren til eleven overtok klassa hennar i 10. klasse, og for å få innsikt i kva slags forhold elevane hadde til skriving, gav ho elevane i oppdrag å lage ei kort tekst på bokmål der dei skriv om si erfaring med skriving. Formålet med teksta er altså at elevane gir informasjon til læraren om si eiga skriving. Elevane fekk ein skoletime til skrivinga.

i Vedlegg 1: Elevtekst "Det er gøy å skrive tekster"

Det er gøy å skrive tekster når du er inspirert.
Ellers så er det tungt. Jeg vet hvordan en god
tekst skal se ut, men det er ikke så lett å
skrive en. Når jeg skriver en tekst, så blir den
ofte «teit» eller dårlig.

Når det er som verst så syns jeg til og med
Synd på deg som må lide deg gjennom enda en
dårlig tekst.

Spesielt under tentamen, eller skrive dager
Da blir det på en måte som om dere sier, -Skriv
det beste du kan NÅ! Finn inspirasjon øyeblikkelig!
Du kan ikke rushe en god tekst. Eller inspirasjon.

Transkripsjon av elevteksta «Det er gøy å skrive tekster»

Linje 1: Det er gøy å skrive tekster når du er inspirert.

Linje 2: Ellers så er det tungt. Jeg vet hvordan en god

Linje 3: tekst skal se ut, men det er ikke så lett å

Linje 4: skrive en. Når jeg skriver en tekst, så blir den

Linje 5: ofte «teit» eller dårlig.

Linje 6: Når det er som verst så syns jeg til og med

Linje 7: Synd på deg som må lide deg gjennom enda en

Linje 8: dårlig tekst.


Linje 9: Spesielt under tentamen, eller skrive dager.

Linje 10: Da blir det på en måte som om dere sier, -Skriv

Linje 11: det beste du kan NÅ! Finn inspirasjon øyeblikkelig!


Linje 12: Du kan ikke rushe en god tekst. Eller inspirasjon.

i Vedlegg 2: Skrivehjulet (etter Solheim og Matre 2014)



Figur 1a: Skrivehjulet - framheving av funksjonelle sider ved skriving

i **Vedlegg 3: Vurderingsområde / eksempel på
mestringsprofil (etter Solheim og Matre 2014)**



Figur 5: Mestringsprofil basert på vurderingen av «Jernets egenskaper»

Vedlegg 2 og vedlegg 3 er henta frå denne pensumartikkelen:

Solheim, Randi & Matre, Synnøve (2014). Forventninger om skrivekompetanse.

Perspektiver på skrijving, skriveopplæring og vurdering i «Normprosjektet». I: *Viden om Læsning* 2014 (15), s. 76-89.